

## **Spørsmål frå Terje Kollbotn (R)**

### **Skriftlege spørsmål om Storebrand som pensjonsleverandør.**

Frå januar 2021 overtok Storebrand som leverandør av tenestepensjonen i fylkeskommunen. I konkurransegrunnlaget til anbodet lå det inne ein klausul om at ansvar for pensjonsrådgjeving vart overført til leverandøren. Dette var ein funksjon som fylkeskommunen tidlegare sto for sjølv, ved ein eigen pensjonsrådgjevar i HR-avdelinga.

Etter byttet til Storebrand som pensjonsleverandør, opplever mange tilsette i fylkeskommunen at pensjonsrådgivinga er mangelfull. Når ein freistar å finne ut kva ein vil få i tenestepensjon, får ein lite hjelp frå Storebrand, som ikkje viser seg i stand til å kalkulere pensjon på same nivå som den tidlegare leverandøren KLP gjorde.

### **Spørsmål til fylkesordføraren:**

- 1) Har Storebrand levert det dei skal etter anbudsavtalen?
- 2) Kva vil fylkesordføraren gjere for å sikre at dei tilsette får god nok informasjon om sin framtidige pensjon.

### **Svar frå fylkesordføraren:**

#### **Spørsmål 1**

Storebrand overtok som leverandør av tenestepensjon for Vestland fylkeskommune 1. januar 2021 i samsvar med Fylkestinget sitt vedtak 30. september 2020.

Fylkeskommunedirektøren er ikkje kjent med at nokon av VLFK sine pensjonistar ikkje har motteke den pensjonen dei har krav på etter Hovudtariffavtalen i KS området.

Dei negative tilbakemeldingane som er motteke frå tilsette og pensjonistar er hovudsakeleg knytt til manglande høve til å rekne ut eigen pensjon via nettbasert kalkulator. Tilsette må i staden ta direkte kontakt med selskapet per telefon og er avhengige av å nå fram til aktuelle rådgjevarar. Dette har ikkje fungert tilfredsstillande for alle og er noko administrasjonen har teke opp med Storebrand. Det vert opplevd som ein mangel at Storebrand enno ikkje har fått på plass ein slik nettbasert kalkulator. Fylkeskommunen vurderer difor kva sanksjonar som kan vere aktuelle å fremje ovarfor selskapet, t.d. redusert pris.

#### **Spørsmål 2**

Administrasjonen har teke opp aktuelle problemstillingar med Storebrand gjennom laupande dialog og faste statusmøte. Det er avtalt hyppigare statusmøte i tida framover og administrasjonen har inntrykk av at Storebrand forstår dei utfordringane som er meldt inn og tek desse på alvor.

Storebrand vil i 2021 og 2022 halde fram med informasjonsmøte og individuell rådgjeving om pensjon for tilsette og ombodsmenn i Vestland fylkeskommune.

I samsvar med Fylkestinget sitt vedtak i saka vil fylkeskommunedirektøren leggje fram ei samla evaluering og tilråding om eventuell utløyning av opsjon for året 2023 til Fylkestinget sitt møte i mars 2022.